

Lerøy Vest AS, avd Bjørsvik
Bontelabo 2
5020 BERGEN

Vår dato: 18.05.2015
Vår ref.: 201005999-20
Arkiv: 313 / 064.6
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Bård Andreas Selstad Ottesen
22 95 95 28 / baso@nve.no

Lerøy Vest AS, avd. Bjørsvik – søknad om løyve til uttak av vatn og regulering av Husdalsvatnet til produksjon av settefisk, Lindås kommune i Hordaland - oversending av NVE sitt vedtak

Vi syner til dykkar søknad datert 26.06.2013.

Vedlagt oversender vi NVE sitt løyve til uttak av vatn og regulering av Husdalsvatnet med tilhøyrande vilkår. Løyvet er gitt i medhald av § 8 i vassressurslova

Ei nærare grunngjeving for løyvet er gitt i vedlagt KI - notat nr. 10/2015 - Bakgrunn for vedtak. Vi syner til merknader til vilkåra i dette notatet for krav til utforming av anlegget.

Vi understrekar at løyvet etter vassressurslova gjeld vassuttak og regulering av Husdalsvatnet til landbasert oppdrett og betydinga dette har for dei allmenne interessene i vassdraget. Løyvet gir ikkje rett til oreigning. Tiltakshavar har sjølv ansvar for å avklare dei privatrettslege forholda til ev. andre som har rettar i området.

Før det vert utarbeidd tekniske planar for dam og vassveg, må søknad om konsekvensklasse for gitt alternativ vere sendt NVE og det må vere fatta vedtak. Konsekvensklassen er avgjerande for krav til sikkerheit som vert stilt til planlegging, bygging og drift, og må difor vere avklara før arbeidet med tekniske planar startar. NVE sin saksbehandlar for godkjenning av tekniske planar er Oddvar Indrebø i seksjon for damsikkerheit i tilsyn- og beredskapsavdelinga. Regelverk, retningslinjer og rettleiarar for klassifisering og tekniske planar for vassdragsanlegg finst på www.nve.no, under meny punkt a Sikkerhet, tilsyn og beredskap -> Damsikkerheit -> Regelverk.

NVE sitt miljøtilsyn vil ikkje ta planar for landskap og miljø til behandling før anlegget har fått vedtak om konsekvensklasse. Detaljerte planar skal leggast fram for NVE sitt regionkontor i Førde.

Vi viser elles til NVE sine rettleiarar 2 og 3 frå 2013 "Rettleiar til forskrift om internkontroll etter vassdragslovgevinga." og "Veileder for utarbeidelse av detaljplan for miljø og landskap for anlegg med vassdragskonsepsjon" som er å finne på <http://www.nve.no/miljotilsyn>. Vi understrekar at

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthungsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



anleggsarbeid ikkje må setjast i gong før planane for arbeidet er godkjent av NVE. Vi minner også om at tiltakshavar må sjå til at planane er i samsvar med kommunal reguleringsplan og/eller arealplan.

Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI. Retten til å klage er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerer dei interesser som saka vedkjem).

Ein klage skal grunnjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast til NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Bård Andreas Selstad Ottesen
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Vassdragskonsesjon for Lerøy Vest AS avd. Bjørsvik
KI-notat nr. 10/2015

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland
Gaute Husdal
Gudmund Husdal
Hordaland fylkeskommune
Lindås kommune
Trygve Andås



Bakgrunn for vedtak

Søknad om konsesjon for uttak av vatn og regulering av Husdalsvatnet til produksjon av settefisk

Lindås kommune i Hordaland fylke



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

NVE

Tiltakshaver	Lerøy Vest AS avd. Bjørsvik
Referanse	201005999-20
Dato	18.05.2015
Notatnummer	KI-notat 10/2015
Ansvarleg	Gry Berg
Sakshandsamar	Bård Andreas Selstad Ottesen

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Samandrag

Søknaden gjeld løyve etter vassressurslova § 8 til å ta ut vatn og regulere Husdalsvatnet i Lindås kommune.

Lerøy Vest AS, avd. Bjørsvik søker om å ta ut vatn frå Husdalsvatnet i samband med søknad om utviding av produksjonen frå 2,5 til 5 millionar settefisk. Det vert søkt om eit gjennomsnittleg vassuttak på 40 m³/min (0,67 m³/s) og eit maksimalt vassuttak på 60 m³/min (1,0 m³/s). Det vert også søkt om å regulere Husdalsvatnet mellom kote 47,0 (LRV) og kote 51,0 (HRV). Dette svarar til dagens regulering av vatnet. Overføring av nabofelt mot nord til Husdalsvatnet skal oppretthaldast slik som i dag. Eksisterande røyrgate frå Husdalsvatnet til den gamle kraftstasjonen skal behaldast. Ny vassveg skal koplast til eksisterande røyrgate, der vatnet skal førast gjennom eit nytt kraftverk før det renn vidare til settefiskanlegget. I kraftverket er det planlagt installert ein røyr turbin som leverer 180 kW frå generator. Produisert kraft vert kring 1,2 GWh per år og skal nyttast i settefiskproduksjonen. Kraftverket er planlagt drifta etter vassbehovet til settefiskanlegget og vil ikkje gi endra verknader utover vassuttak til settefisk. Det er ikkje planlagt slepp av minstevassføring.

Ingen av høyringsuttalane går direkte imot tiltaket, men fleire av grunneigarane peikar på problem knytt til gjeldande regulering. Problema er i første rekkje knytt til for høg vasstand som går over avtala HRV. Høg vasstand fører til problem for utøving av fiske og badeliv, samt lagring av båtar, ved og tømmer. Det vert stilt spørsmål om auka regulering vil påverke islegging og bruk av vatnet om vinteren. Det vert og peika på at endra reguleringsnivå kan påverke gyteforholda for auren. Fleire av grunneigarane viser til gjeldande privatrettslege avtale om regulering av vatnet og usemje kring avtalen.

NVE ser positivt på at dagens regulering og vassuttak vert formalisert gjennom ein konsesjonsprosess. NVE vurderer at ei vidareføring av dei etablerte reguleringsgrensene ikkje vil få større negative verknadar for omgjevnadane. Med ein produksjon av 5 mill. smolt vil anlegget gi eit betydeleg bidrag til produksjon av smolt i regionen. Det er positivt at vassuttaket til produksjon av settefisk også vert nytta til produksjon av energi. Kraftverket er ikkje konsesjonspliktig så lenge det vert køyrt etter vassbehovet til settefiskanlegget. NVE meiner at det verken i søknaden eller i høyringsuttalane er kome fram noko som tilseier at tiltaket vil gi vesentlege ulemper for allmenne eller private interesser.

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Lerøy Vest AS avd. Bjørsvik løyve etter vassressurslova § 8 til regulering og uttak av vatn frå Husdalsvatnet. Løyvet vert gjeve på nærare fastsette vilkår.

Innhald

Samandrag.....	1
Søknad.....	2
Høyring og distriktsbehandling.....	5
NVEs vurdering.....	8
NVEs konklusjon	11
Forholdet til anna lovverk	12
Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova.....	13
Andre forhold	15
Vedlegg	17

Søknad

NVE har mottatt følgende søknad fra Lerøy Vest AS avd. Bjørsvik, datert 25.06.2013:

«Lerøy Vest AS avd. Bjørsvik søker om regulering og uttak av vann for sitt settefiskanlegg i Bjørsvik i Lindås kommune i Hordaland (reg. nr. H/L 0005). Det søkes etter vannressurslovens § 8, om tillatelse til:

- *Uttak av 0,67 m³/s i gjennomsnitt over året på (tabell 3) fra Husdalsvatnet (51 moh.)*
- *Med maksimalt uttak 1,0 m³/s som ukemiddel i september*
- *Fortsatt regulering av Husdalsvatnet mellom HRV 51,0 og LRV 47,0 moh. = 4,0 m*
- *Fortsatt overføring av nabofelt mot nord til Husdalsvatnet*
- *Det søkes ikke om slipp av minstevannføring*
- *Ny vannvei påkobles eksisterende kraftverksledning, der vannet skal ledes gjennom et nytt kraftverk før det ledes til settefiskanlegget*

Reguleringen av Husdalsvatnet og overføringen av feltet i nord, er gamle forhold som tidligere er vurdert av NVE som unntatt konsesjonsplikt. Bakgrunn for søknad er settefiskanleggets planlagte økte vannuttak, som vil holde seg innenfor gjeldende praksis for regulering.

Nødvendig opplysninger om tiltaket fremgår av vedlagte utredning og vedlegg, der virkninger er vurdert ut fra 0-alternativet som tilsvarer dagens situasjon i det regulerte vassdraget, og forutsetningen for øket vannuttak til settefiskanlegget er tilsvarende reduksjon i vannuttak til kraftproduksjon ved kraftverket i Bjørsvik.»

Nedbørfelt Husdalsvatnet	km ²	8,6
Spesifikk avrenning (Husdalsv.)	l/(s·km ²)	96,8
Nedbørfelt Andåselva	km ²	2,4
Spesifikk avrenning (Andåselva)	l/(s·km ²)	144,3
Årleg tilsig til Husdalsvatnet	mill.m ³	26,3 + 10,9 = 37,2
Middelvassføring	l/s	1180
Alminneleg lågvassføring	l/s	Ikkje oppgitt data
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	Ikkje oppgitt data
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	Ikkje oppgitt data

SETTEFISKANLEGGET

Inntak	moh.	46	
Avløp	moh.	0	
Lengde på aktuell elvestrekning	m	300	
Brutto fallhøgde		46	
Slukeevne/kapasitet tilløpsrør	l/s	1000	
Planlagt minstevassføring, sommar	l/s	0	
Planlagt minstevassføring, vinter	l/s	0	
Tilløpsrør, diameter	mm	315 + 280 + 700	3 ulike røyr
Maks tal smolt	stk.	5 000 000	708 tonn

MAGASIN

Magasinvolum	mill. m ³	4,42
HRV	moh.	51
LRV	moh.	47

Om søkjar

Lerøy Vest AS er eit 100 % eigd dotterselskap av Lerøy Seafood Group ASA, ein av dei største aktørane innan akvakultur i Noreg med ca. 12 % av konsesjonane. Settefiskanlegget i Bjørsvik har hatt konsesjon sidan 24. april 1986. Anlegget har vore gjennom ei rekkje utvidingar og eigarskifte sidan oppstart. Konsesjonsramma er i dag på 2,5 millionar sjødyktig settefisk, og det er søkt om ei utviding til 5 millionar sjødyktig settefisk. Lerøy Vest AS eig tomta der settefiskanlegget ligg og har inngått avtale om uttak av vatn med Norwegian Preserving Co AS som har dei naudsynte rettane til uttak av vatn og regulering av Husdalsvatnet.

Skildring av området og dagens inngrep

Landskapet rundt Husdalsvatnet er bratt og skogkledd med furuskog og einaste busetnad finn ein ved Husdal. Europaveg 39 «Kyststamveien» går langs vestsida av Husdalsvatnet, eit stykke opp frå innsjøen. Husdalsvatnet har vore regulert til ulike føremål heilt sidan slutten av 1800-tallet. For ca. 110 år sidan vart det innhenta rett til å føre over Andåselva, eit nabofelt i nord som har naturleg avlaup til Austfjorden. I vassavtalen mellom Norwegian Preserving Co AS og Lerøy Vest AS ligg det ei felles forståing om at alt tilsig skal nyttast til settefisk- eller kraftproduksjon, men ved fare for flaum kan vatn frå Andåselva leiast til Austfjorden via kanal med luke like nedanfor Stegafossen nord for Husdalsvatnet.

Husdalsvatnet har eit overflateareal på 1,1 km², og ei bratt strandsone utan større grunne områder. Demningen ligg i enden av ein “kanal” som har ein terskel på knapt fem meters djup i forhold til toppen av demninga. Med dagens fysiske opplegg og leidningar er det såleis ikkje mogleg å tappe

innsjøen lenger ned enn fire meter frå HRV, med mindre inntaksleidningen vert forlenga lenger inn i Husdalsvatnet.

Lerøy Vest AS avd. Bjørsvik ligg i Bjørsvik ut mot Osterfjorden. Anlegget er lokalisert i bygningar som tidlegare vart nytta av Norwegian Preserving Co AS. Lindås kommune har godkjent eigen reguleringsplan for området, som mellom anna inneber utfylling i sjø og bygging av ny og større kai for å få plass til det utvida settefiskanlegget. Norwegian Preserving har i dag eit eksisterande kraftverk som ligg like ved sidan av settefiskanlegget. Frå Husdalsvatnet og ned til anlegga ved sjøen ligg det to rørgater i dagen. Eit røyr med diameter 900 mm (GUP) går til kraftstasjonen. Det andre røyret med diameter 315 mm går til settefiskanlegget. Settefiskanlegget får også vatn via ei forgreining frå kraftverksrøret ved kote 17 som fører eit 280 mm røyr fram til settefiskanlegget. Dei to rørgatene fram til settefiskanlegget har begge ein kapasitet på om lag 20 m³/min kvar. Det er i tillegg mogleg å hente avløpsvatnet frå kraftverket ved hjelp av tre pumper som til saman kan levere om lag 15 m³/min. Til saman dekker desse tre forsyningseiningane anleggets behov i dag.

Teknisk plan

Regulering

Det vert søkt om å regulere Husdalsvatnet med fire meter, mellom HRV kote 51,0 og LRV kote 47,0. Reguleringa det vert søkt om er lik dagens regulering av vatnet.

Overføring

Andåselva som har naturleg avlaup nordover til Austfjorden blir i dag overført til Husdalsvatnet via ein kanal like nedanfor Stegafossen. Ved fare for flaum kan vatn frå Andåselva leiast til Austfjorden via luke i overføringskanalen. Overføring av Andåselva blir vidareført slik som tidlegare.

Inntak

Dagens etablerte inntak skal nyttast.

Vassveg

Etablerte vassleidningar skal nyttast. For å oppnå ønska tilførslekapasitet ved det nye, utvida anlegget, skal ein ny 700 mm PEH leidning koplast på eksisterande kraftverksleidning og vidare ned til settefiskanlegget. Påkoplingspunkt er omlag 15 moh. der den nye rørgata kryssar over elveløpet og vert leia inn i ein planlagt ny kraftstasjon om lag på kote 8-10 moh. På denne måten vil vatnet som renn gjennom rørgata ned mot anlegget først passere kraftstasjonen før det vert leia til settefiskanlegget.

Kraftstasjon

Det er planlagt ein ny kraftstasjon om lag på kote 8-10 moh. som tek av vasstrykket og nyttar denne energien til produksjon av straum før vatnet renn til settefiskanlegget. Det skal nyttast ein røyrturbin som vert sett direkte på den nye 700 mm vassleidningen til settefiskanlegget. Kraftstasjonen køyrer på vasstilførsel til settefiskanlegget og leverer 180 kW frå generator. Kraftstasjonen er planlagt med omløp (bypass), slik at settefiskanlegget vert sikra vatn om kraftverket står. Produsert kraft skal nyttast i settefiskproduksjonen.

Veg

Det er ikkje planlagt etablert nye vegar.

Forholdet til offentlege planar

Kommuneplan

Lindås kommune har 11. mars 2010 godkjent ein eigen reguleringsplan for dette tiltaket, som mellom anna inneber utfylling i sjø og bygging av ny og større kai for å få plass til det utvida anlegget.

Verneplan for vassdrag

Vassdraget er ikkje verna.

Inngrepssfrie område (INON)

Tiltaket fører ikkje med seg nye tyngre tekniske inngrep, og vil ikkje redusere inngrepssfrie naturområde.

Nasjonale laksevassdrag

Vassdraget er ikkje eit nasjonalt laksevassdrag.

Høyring og distriktsbehandling

Søknaden er behandla etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentlig ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheiter og interesseorganisasjonar, samt involverte partar for uttale. NVE var på synfaring i området den 13.11.2013 saman med representantar for tiltakshavar og grunneigarar. Søkjar har fått høve til å kommentere høyringsuttalane.

Høyringspartane sine eigne oppsummeringar er referert der slike finnast. Andre uttalar er forkorta av NVE. Fullstendige uttalar er tilgjengelege via offentlig postjournal. NVE har motteke følgjande kommentarar til søknaden:

Fylkesmannen i Hordaland konkluderer med følgjande i deira uttale av 19.09.2013:

«Fylkesmannen mener tiltaket ikke vil forringe naturverdiene knyttet til vassdraget ytterligere og kan derfor gis konsesjon til uttak av vann og regulering av Husdalsvatnet. Vi ber NVE vurdere om det er aktuelt med minstevannføring.»

Gudmund Husdal er grunneigar på gbnr. 230/6 og har komme med følgjande uttale 08.09.2013:

«Eigarane av gnr. 230/6 ved Husdalsvatnet ønskjer å presisera at kotehøgden +51 ikkje skal overstigast, då dette medfører store ulemper for brukarane av tomten.

Etter at reguleringsluka i demningen vart støypt att, kan det virka som vannstanden i periodar med mykje regn kan overstiga det avtala nivået på kote 51.

Me ber om at dette vert kvalitetssikra i forbindelse med den nye reguleringsplanen.»

Trygve Andås er representant for grunneigar på gbnr. 6/1 og har komme med uttale den 23.10.2013. Andås viser til avtale mellom grunneigarar til Andåselva og Norwegian Preserving og skriv følgjande:

«Det har vært en pågående diskusjon rundt avtalens gyldighet og kompensasjon, som har strandet mellom oss og Norwegian Preserving. I og med at dette nå konsesjonssøkes, må avtaleforhold rundt vannrettighetene avklares og ryddes opp i.

Vi vil med dette motsette oss alle omsøkte planer, slik at konsesjonssøknaden settes på vent til eierforhold, gyldighet av avtaler og evt. rettmessig kompensasjon foreligger.»

Trygve Andås har også komme med ein tilleggsuttale den 27.11.2013, etter synfaring:

«• Vannstand i Husdalsvatnet var ved synfaring ca. 15-20 cm høgare enn tillatt høgde ihht. avtalar med grunneigarane og innhøgd kryss i berget. Dette er tilfellet i store deler av året. Det har vært slik siden luke i demningen blei støpt igjen tidlig på 80-talet, at ved mykje nedbør stig vannstanden over tillatt høgde. Ved denne høgda står vatnet inn i naust og båthus. Dette er eit klart avtalebrot, og derfor er det etter vår meining ikkje gyldige, gjeldane avtaler for oppdemming.

• Et regulert vatn får mindre trygg is om vinteren, noko som hindrar grunneigarar i å henta tømmer med traktor. Det blir også vanskeligare med fritidsaktiviteter som skøyter og isfiske.

• Et regulert vatn gjer det vanskeligare å gå ifrå båten, då vannstanden forandrer seg opp til fire meter.

• Bruken av strandlinja mot Husdalsvatnet vert forringa ved økt vatn til settefisk, både med tanke på jordbruk (lagring av tømmer, ved osv. Fører til økt behov for tilsyn), fiske, bading, soling og rekreasjon.

• Vannstanden i Husdalsvatnet vil endre seg dersom meir vatn går til Settefiskanlegget, sidan anlegget må ta ut vatn jevnt og trutt for at ikkje fisken skal døy. Nedtappinga vil i periodar bli lågare enn tidlegare, noko som vil ha negativ innverknad for grunneigare og anna allmenn interesse i området. Denne endringa er ikkje omhandla av gamle avtaler, og må evt. reforhandlast.

• Slusing av vatn ned til gården Andås ved høg vannstand og mykje nedbør har ført til rasering av elveleiet ned mot sjøen, blant anna kan ei kjørebru ikkje lenger nyttast på grunn av dette. Dei gamle avtalene seier ingenting angående denne slusinga ved mykje vatn. Slusinga har vorte gjort sidan luke i demningen vart støpt igjen. Skal det gjevast konsesjon på leingi av vatn til Husdalsvatnet frå Andåselva, må avtalane her definerast klart og tydeleg.

Krav frå grunneigarane

• Skal grunneigarane kunne gå inn for ønska regulering og konsesjonssøknad, må det lagast nye avtaler som gjenspeiler bruken i dag. Grunneigarane vil være åpen for å diskutere ønska regulering og innholdet i konsesjonssøknad dersom det vert laga nye avtaler.

• Gjennomgang og revisjon av gjeldande avtale med utgangspunkt i dagens situasjon og rettighetshaver til vatnet sin utvida bruk av vassressursane.»

Grunneigarar i Husdalen v/Gaute Husdal har komme med uttale den 23.11.2013, etter synfaring. I uttalen vert det visst til gamle avtalar og innhaldet i desse. Grunneigarane i Husdalen meiner at vasstanden i store delar av året ligg over avtalt nivå og ser på dette som eit avtalebrot. Det vert vist til at høgare vasstand har negative konsekvensar for utøving av fiske og badeliv i strandlina. Det vert og vist til at høg vassføring gir ulempe for gardane kring Husdalsvatnet ved tap av strandline og vanskar

for lagring av båtar, ved og tømmer. Det vert vidare vist til at grunneigarane er avhengig av vatnet som transportveg for å ta ut skog og dei stiller spørsmål til korleis auka vasshøgde og regulering vil påverke islegging og bruk av vatnet om vinteren.

Grunneigarane peikar også på at endra vass- og reguleringsnivå kan påverke gyteforholda for auren og at dei lågtliggende og beste gyteområda vert redusert ved at desse areala inngår som ein del av innsjøarealet. Dei viser samstundes til at høg nok vassføring om hausten er det viktigaste for å sikre gytetilhøva.

Grunneigarane stiller ein del krav knytt til gjeldane avtale og gjennomgang av ny avtale.

Søkjar sine kommentarar til høyringsuttalane

Søkjar har i brev av 23.10.2013 kommentert høyringsuttalen frå Fylkesmannen. Søkjar oppsummerer med følgjande:

«Utløpselven» er i dag hovedsakelig tørrlagt, siden tilrenningen til vassdraget nyttes til kraftproduksjon og siden 1986 også til settefiskanlegget nedstrøms. Gjeldende søknad omfatter ikke noen endring av eksisterende forhold, og vil derfor i seg selv ikke medføre «miljømessige konsekvenser», verken for landskapsvurderingen med hensyn på opprettholdelse av vannspeil, betydningen for plante eller dyreliv, vannkvalitet eller grunnvannsføremønstre.

Fordelene med slipp av minstevannføring til vassdraget ansees små i forhold til kostnadene. Søker har da med utgangspunkt i forståelsen av både vannressursloven og naturmangfoldloven, søkt om at eksisterende regime uten slipp av minstevannføring også legges til grunn ved vurdering av vilkår for eventuell konsesjon.»

Søkjar har i brev av 25.10.2013 kommentert høyringsuttalen frå grunneigar Andås som gjeld avtalen mellom grunneigarar og Norwegian Preserving. Søkjar viser til at dette er privatrettslege forhold som ikkje vedkjem konsesjonssøknaden.

NVEs vurdering

Det planlagde tiltaket gjeld regulering og uttak av vatn frå Husdalsvatnet til produksjon av settefisk. I NVE si behandling av vassuttaket vil vi vurdere uttak av vatn frå Husdalsvatnet med regulering, samt inngrep i vatn/elv og terrenget fram til settefiskanlegget. Areala avsett til sjølve settefiskanlegget kjem inn under allereie vedtekne arealplanar og vert handsama etter reglane i plan- og bygningslova.

Husdalsvatnet vert i dag nytta som vasskjelde til kraftproduksjon og settefisk. Fysiske inngrep knytt til tiltaket, slik som inntaksarrangement og vassleidning, er allereie etablert. Moglege konsekvensar av tiltaket er difor i hovudsak knytt til regulering av Husdalsvatnet.

Hydrologiske verknader av utbygginga

Settefiskanlegget nyttar eit nedbørfelt på 8,6 km² (Husdalsvatnet) + 2,4 km² (Andåselva) ved inntaket og middelvassføringa er berekna til 1,18 m³/s. Effektiv innsjøprosent er på 11,1 % og snaufjellandel på 39,1 %. Vassdraget har dominerande flaumperiodar om hausten og om vinteren, men flaum kan opptre heile året. Lågaste vassføring opptre gjerne om sommaren. Gjennomsnittleg vassuttak over året er planlagt til 0,67 m³/s og høgaste vassuttak på 1,0 m³/s i september. Det er ikkje foreslått slepp av minstevassføring.

Med eit gjennomsnittleg vassuttak over året på 0,67 m³/s vil settefiskanlegget i følge søknaden ta ut ca. 56,5 % av tilsig i eit normalår. Det omsøkte vassuttaket ville i det tørraste året (1937) i berekningsperioden hatt behov for tapping av magasinet i 354 dagar (97 % av tida). I eit middels år (1997) vil magasinet vere nedtappa i om lag 242 dagar (66 % av tida), og i eit vått år om lag 134 dagar (37 % av tida).

Det vert søkt om eit uttak som varierer frå ein månadsmiddel på 0,5 m³/s i januar for gradvis å auke til høgaste månadsmiddel i september med 1,0 m³/s. Månadleg uttak minkar deretter til 0,5 m³/s i desember. Månadleg vassuttak varierer i stor grad i takt med naturleg tilrenning gjennom året. Husdalsvatnet har normalt størst tilrenning med dominerande flaumperiodar om hausten då vassuttaket til settefiskanlegget er størst. Lågast tilrenning opptre normalt om sommaren då planlagt vassuttak til settefiskanlegget ligg kring 0,5-0,8 m³/s. Berekna magasinkurve, med midlare månadsuttak viser at det er størst sannsyn for at nedtappinga vert størst på seinsommaren ved låg tilrenning. Berekna magasinkurve for Husdalsvatnet viser at magasinet vert nedtappa i store delar av året. Sjølv om magasinet vert nytta aktivt i store delar av året, viser berekningane at magasinet berre ville ha vore nedtappa 33 cm under LRV ein gang i slutten av den tørre sommaren i 1947.

Vassavtalen mellom Norwegian Preserving og settefiskanlegget legg til grunn at minst mogleg vatn skal gå tapt over utløpsterskelen, og at settefiskanlegget skal vere sikra nok vatn i tørre periodar. Kraftverket har i dag eit konsesjonsfritt uttak av vatn frå Husdalsvatnet der magasinet vert nytta aktivt for å unngå flaumtap over utløpsterskelen. Ved ei utviding av settefiskproduksjonen skal ein større del av vatnet nyttast til settefiskproduksjon. Eksisterande kraftverk skal driftast vesentleg mindre og skal nyttast som eit flaumkraftverk. Det vert opplyst at vassmagasinet skal styrast slik at settefisk vert prioritert framfor kraftproduksjon så snart vasstand er under HRV.

Det nye kraftverket skal monterast på tillaupsleidningen til settefiskanlegget og skal driftast etter vassbehovet til oppdrettsanlegget. Den nye kraftverket vil såleis ikkje føre til endra verknader i vassuttaket. Kraftverket er ikkje konsesjonspliktig så lenge det vert køyrt etter vassbehovet til settefiskanlegget.

Settefiskanlegget har fleire vassparande tiltak som kan settast inn ved langvarige tørrperiodar. NVE vurderer at magasinkapasiteten er god og at tappestrategi der settefisk vert prioritert, saman med vassparande tiltak, vil sikre stabil vassforsyning gjennom heile året også i tørrår.

I høyringsrunda er det nokre av grunneigarane som har peika på problem knytt til for høg vasstand og at dette delvis skuldast at ei flaumluke i dammen er blitt fjerna. Under høyringsrunden vart det elles ikkje registrert større konflikhtar knytt til regulering og vassuttak. NVE vil poengtere at alle reguleringsmagasin vil gå noko over HRV i flaumsituasjonar. Dersom det er ynskje å dempe svingingane i vasstand og redusere vasshøgda over HRV, meiner NVE at det bør etablerast auka tappemoglegheit t.d. gjennom ekstra tappeluker.

Det er ikkje planlagt slepp av minstevassføring. Husdalsvatnet har vore regulert til ulike føremål sidan slutten av 1800-talet, og elva nedstraums vatnet har vore tørrlagt og utan vassføring gjennom lang tid. Det er ikkje anadrom fisk på strekninga og det er ikkje registrert spesielle verdiar knytt til elvestrekninga. I høyringsrunda er det ikkje komme inn merknader til periodevis tørrlegging av elva. Fylkesmannen ber NVE vurdere om det er aktuelt med minstevassføring. NVE vurderer at dei største verdiane er knytt til Husdalsvatnet og eit krav om slepp av minstevassføring vil kunne føre til ei noko meir aktiv regulering. NVE meiner at naturtilstanden har tilpassa seg ei periodevis tørrlegging i elveutløpet og at ulempene ved å sleppe ei minstevassføring vil vere større enn dei fordelane ein vil oppnå.

Naturmangfald

Rådgivende Biologer AS har gjort ei samanstilling av eksisterande kunnskap innan artsførekomstar, viktige naturtypar, samt status i forhold til raudlista artar. Det er registrert bergand som er raudlista som sårbar (VU) i Bjørsviki utanfor anlegget. Det er elles ikkje registrert raudlista artar eller verdifulle naturtypar knytt til området. Rådgivande Biologer skriv at det er ikkje sannsynleg at ål kan vandre opp i vassdraget. Biologisk mangfald i området er vurdert til å ha liten verdi.

I høyringa peikar nokre grunneigarar på at endra vass- og reguleringsnivå kan påverke gyteforholda for auren. Ved høgare vasstand kan dei lågtliggande og beste gyteområda bli redusert ved at desse areala vert neddemt som ein del av innsjøarealet. Dei viser samstundes til at høg nok vassføring om hausten er det viktigaste for å sikre gytetilhøva.

Tiltaket, med overføringsanlegg, reguleringsone og alle vassdragsinstallasjonar er allereie utført og det vert søkt om dei same reguleringshøgden som har vore nytta tidlegare. Rådgivande Biologer vurderer at tiltaket ikkje vil ha negativ verknad eller konsekvens for biologiske forhold. NVE er samd i denne vurderinga.

Forholdet til naturmangfaldlova

Alle instansar med myndigheit innan forvaltning av natur, eller som tek avgjersler som har verknad for naturen, er pliktige etter naturmangfaldlova § 7 å vurdere det planlagde tiltaket opp mot naturmangfaldlova sine relevante paragrafar. I NVE si vurdering av søknaden om Lerøy Vest sitt anlegg i Bjørsvik legg vi til grunn prinsippa i §§ 8-12 samt forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effekt av ev. påverknad er basert på den informasjonen som er lagt fram i søknaden, miljørapport, høyringsuttalar, samt NVE sine egne erfaringar. NVE har også gjort egne søk i tilgjengelege databasar som Naturbase og Artskart den 13.04.2015. Etter NVEs vurdering er det innhenta tilstrekkeleg informasjon til å kunne fatte vedtak, samt for å vurdere tiltaket

sitt omfang og verknadar på det biologiske mangfaldet. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlaget er godt nok utgreidd, jamfør naturmangfaldlova § 8.

I influensområdet til settefiskanlegget er det ingen registrerte raudlista artar eller viktige naturtypar. Ei eventuell utbygging av Lerøy Vest sitt anlegg vil etter NVE si meining ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem gjeve i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5.

NVE har også sett påverknaden frå Lerøy Vest sitt anlegg i samanheng med anna påverknad på naturmangfald i vassdraget og elles i regionen, og finn at den samla belastninga ved ei utbygging er akseptabel, jf. prinsippet om samla belastning i naturmangfaldlova § 10.

Etter NVE si vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om verknadar tiltaket kan ha på naturmiljøet, og NVE meiner at naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet) ikkje skal tilleggast særleg vekt.

Landskap og friluftsliv

Landskapet rundt Husdalsvatnet er bratt og skogkledd med furuskog. Den einaste busetnaden finn ein ved Husdal som ligg nokså høgt i høve Husdalsvatnet, og er lite synleg frå E39. Kyststamvegen E39 går langs vestsida av Husdalsvatnet med godt utsyn til vatnet, samt skog og fjellområda aust for vatnet som strekker seg opp til kring 800 meters høgde. Landskapet har få synlege inngrep utanom E39 og framstår som relativt upåverka sett frå vegen. Inntrykket vert noko svekka av den synlege reguleringa av Husdalsvatnet. Reguleringa som det vert søkt om har vore praktisert i lengre tid og det er ikkje venta at reguleringa vil få større verknad på landskapet ved Husdalsvatnet, utover det som allereie er tilfellet i dag. Ei noko meir aktiv bruk av reguleringa, enn det settefiskanlegget saman med kraftverket har praktisert tidlegare, vil kunne føre til ein liten negativ verknad på opplevinga av landskapet i forhold til den betydelege trafikken på E39 langs innsjøen.

Det vert utøvd noko fritidsfiske i Husdalsvatnet, og det er 3-4 naust med tilhøyrande båtar langs søraustlege del av vatnet. Desse ligg i tilknytning til hytter i området nedanfor Husdal. Det vert også jakta ein del hjort i terrenget. I søknaden står det at sjølve nærområdet til vassdraget i liten grad vert nytta til ferdsel, og at det ikkje er venta at tiltaket vil ha nokon innverknad på dette.

I høyringsrunda vert det frå nokre grunneigarar trekt fram at større endringar i vasstand, særleg høgare vasstand og oppdemming, vil kunne føre til redusert bruks- og rekreasjonsverdi både for grunneigarar og ålmenta. Det vert trekt fram at endringar i vasstand kan føre til ulemper knytt til fiske frå land, badeliv og soling.

NVE vurderer at området i liten grad vert nytta til friluftsføremål og at endringane i reguleringsregime ikkje vil føre til vesentlege verknader for landskap- og friluftsjanser.

Kulturminne

Det er ingen opplysningar om automatisk freda kulturminne eller gjenstandsfunn frå tiltaks- og influensområdet. Det føreligg heller ingen opplysningar om andre kulturminne i området. Potensialet for nye funn vert vurdert som lågt då det ikkje vert nye inngrep i samband med tiltaket, bortsett frå etablering av nytt kraftverk. Sjølve utvidinga av settefiskanlegget føreligg det godkjent reguleringsplan for. NVE vurderer at det omsøkte tiltaket ikkje vil påverke kulturminneverdiar. Vi viser elles til at tiltakshavar har ei undersøkingsplikt, jf. lov om kulturminne § 9. Dette punktet vert og fanga opp gjennom standard konsesjonsvilkår.

Flaum, ras og skred

Husdalsvatnet vil vanlegvis vere noko nedtappa og magasinet tek normalt unna flaumtoppar. Magasinkapasiteten gjer til at Husdalsvatnet har ein betydeleg flaumdempande effekt og det er sjeldan flaum i utlaupselva. Det vert i søknaden opplyst at ved fare for flaum kan vatn frå Andåselva leiast til Austfjorden.

I området nedstraums utlaupet av Husdalsvatnet er det bratt terreng på austsida av elva og i Skredatlas er det registrert ein teoretisk fare for steinsprang. I søknaden vert det opplyst at synfaring, saman med lokale erfaringar tilseier at det ikkje er noko større risiko for vassleidningane, og at det ikkje er naudsynt med sikring mot steinsprang. NVE vurderer ut frå desse opplysningane at tiltaket ikkje vil føre til auka fare for flaum eller skred.

Vassforsyning

Frå Husdalsvatnet er det uttak av drikkevatt til eit privat vassanlegg med omlag 15-20 husstandar i Bjørsvik. NVE vurderer at drikkevassforsyninga ikkje vert påverka då reguleringshøgden er uendra.

Samfunnsmessige fordelar

Tiltaket vil gi sysselsetting av mellom 5-10 årsverk ved anlegget. I tillegg er det trong for ekstra tilsette i periodar med stor produksjon/innsats. Eit utvida anlegg gjer Lerøy Vest AS i stand til å sikre sine leveransar av kvalitetssmolt til selskapet sine anlegg i regionen. Kraftverket vil gjere anlegget sjølvforsynt med straum der overskotskraft kan seljast i kraftmarknaden.

Oppsummering

NVE ser positivt på at dagens regulering og vassuttak vert formalisert gjennom ein konsesjonsprosess. NVE vurderer at ei vidareføring av dei etablerte reguleringsgrensene ikkje vil få større negative verknadar for omgjevnadane. Med ein produksjon av 5 mill. smolt vil anlegget gi eit betydeleg bidrag til produksjon av smolt i regionen. Det er positivt at vassuttaket til produksjon av settefisk også vert nytta til produksjon av energi. Kraftverket er ikkje konsesjonspliktig så lenge det vert køyrt etter vassbehovet til settefiskanlegget. NVE meiner at det verken i søknaden eller i høyringsuttalane er kome fram noko som tilseier at tiltaket vil gi vesentlege ulemper for allmenne eller private interesser.

NVEs konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Lerøy Vest AS løyve etter vassressurslova § 8 til regulering og uttak av vatn frå Husdalsvatnet. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket gjelder berre løyve etter vassressurslova.

Forholdet til anna lovverk

Forholdet til energilova

Det vert ikkje søkt etter energilova om løyve til bygging og drift av kraftverket, koplingsanlegg og nettilknytning. Produsert kraft skal nyttast i settefiskproduksjonen.

NVE har ikkje vurdert om det er ledig nettkapasitet. Det er tiltakshavar sitt eige ansvar å sørgje for nødvendige avklaringar.

Har kraftverket ei merkeyting over eller lik 100 kVA, gjer vi merksam på krav om forbruksavgift på elektrisk kraft, sjå rundskriv om dette på www.toll.no. Rundskrivet kan du også få på næraste tollstad.

Igangsetting av kraftverk skal meldast inn på skjema som finnast på www.nve.no/Rapportere-og-soke-til-NVE.

Anlegg som ikkje er bygd i samsvar med planar godkjent av NVE, inkludert planlagt installert effekt og slukeevne, vil ikkje ha rett til el-sertifikat, jf. forskrift om el-sertifikat § 9, 2. ledd, bokstav a.

Forholdet til plan- og bygningslova

Forskrift om byggesak (byggsaksforskriften) gir saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Dette skjer med føresetnad om at tiltaket ikkje er i strid med kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplanar. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

Forholdet til EU sitt vassdirektiv i konsesjonsbehandling hjå sektormyndigheita

NVE har ved vurdering av om konsesjon skal gjevast etter vassressurslova § 8 føreteke ei vurdering av krava i vassforskrifta (FOR 2006-12-15 nr. 1446) § 12 som gjeld ny aktivitet eller nye inngrep. NVE har vurdert alle tiltak som praktisk let seg gjennomføre for å kunne redusere skadar og ulemper ved tiltaket. NVE har sett vilkår i konsesjonen som ein vurderer eigna for å avbøte ei negativ utvikling i vassførekomsten. I vilkåra er det inkludert standardvilkår som etter post 5 i vilkåra gjev vassdragsmyndigheitene, inkludert Miljødirektoratet/Fylkesmannen, høve til å gje pålegg om tiltak som seinare kan betre tilhøva i det aktuelle vassdraget. NVE har vurdert samfunnsnyttan av inngrepet til å vere større enn skadane og ulempene ved tiltaket.

Merknadar til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova

Post 1: Reguleringsgrenser og uttak av vatn

Følgjande data for vassføring og vassuttak er henta frå konsesjonssøknaden og lagt til grunn for konsesjon gjeve av NVE:

Årleg tilsig til Husdalsvatnet med Andåselva	Mill. m ³	26,3 + 10,9 = 37,2
Middelvassføring	l/s	1,18
Gjennomsnittleg vassuttak gjennom året	m ³ /s	0,67
Maksimalt vassuttak	m ³ /s	1,0
Største vassuttak i % av middelvassføring	%	85

Reguleringsgrenser

Det vert gitt løyve til å vidareføre dagens regulering av Husdalsvatnet med ei regulering på inntil fire meter mellom HRV på kote 51,0 og LRV på kote 47,0. Dette gir ein magasinkapasitet på kring 4,42 mill. m³.

Det skal settast opp merke ved Husdalsvatnet som viser høgste og lågaste regulerte vasstand og eit informasjonsskilt som informerer om vilkåra for reguleringa. Dette skal plasserast godt synleg for ålmenta. Utforming av skilt og merking inngår som ein del av NVE si oppfølging etter post 4 i vilkåra.

Minstevassføring

Tiltakshavar har ikkje foreslått slepp av minstevassføring og i høyringsrunda er det ikkje komme inn merknader til periodevis tørrlegging av elva. Husdalsvatnet har vore regulert til ulike føremål sidan slutten av 1800-talet, og elva nedstraums vatnet har vore tørrlagt og utan vassføring gjennom lang tid. NVE vurderer at dei største verdiane er knytt til Husdalsvatnet og at eit krav om slepp av minstevassføring vil kunne føre til ei noko meir aktiv regulering. NVE meiner at ulempene ved å sleppe ei minstevassføring vil vere større enn dei fordelane ein vil oppnå.

Vassuttak

Vassuttaket skal avgrensast til maksimalt 1,0 m³/s og skal ikkje overstige 0,67 m³/s i gjennomsnittleg uttak over året. Vassuttaket vil variere gjennom året, mellom 0,5 m³/s (500 l/s) og 1 m³/s. Det skal monterast vassmålar i settefiskanlegget og vassuttaket skal loggførast kontinuerleg. Data må kunne leggjast fram for NVE på førespurnad.

Planlagt vassuttak (ferskvatn):

Månad	Planlagt vassuttak m ³ /s
Januar	0,50
Februar	0,50
Mars	0,58
April	0,83
Mai	0,67
Juni	0,50
Juli	0,67
August	0,83
September	1,00
Oktober	0,67
November	0,58
Desember	0,50

Post 4: Godkjenning av planar, landskapsforhold, tilsyn m.v.

Detaljerte planar skal leggest fram for NVE sitt regionkontor i Førde og godkjennast av NVE før arbeidet startar.

Tabellen under prøver å oppsummere føringar og krav som ligg til grunn for konsesjonen. Det kan likevel skje at det er gitt føringar andre stadar i dokumentet som ikkje har komme med i tabellen. NVE presiserer at alle føringar og krav som er nemnt i dokumentet gjeld.

NVE har gitt konsesjon på følgjande føresetnader:

HRV	51,0 moh.
LRV	47,0 moh.
Inntak	Eksisterande inntak i Husdalsvatnet skal nyttast
Vassveg	Eksisterande røyr skal nyttast.
Overføringar	Eksisterande overføringsanlegg som leier Andåselva til Husdalsvatnet skal nyttast.
Maksimalt vassuttak	Maksimalt vassuttak er i søknaden oppgjeve til 1,0 m ³ /s.
Installert effekt	I søknaden er installert effekt oppgjeve til 180 kW.
Tal turbinar/turbintype	1 røyr turbin
Kraftverk	Nytt kraftverk skal driftas etter vassbehovet til settefiskanlegget.
Veg	Eksisterande vegar skal nyttast.
Anna	Det må sikrast at vassforsyningsinteressene ikkje vert negativt påverka.

Dersom det ikkje er gjeve spesielle føringar kan mindre endringar godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga. Anlegg som ikkje er bygd i samsvar med konsesjon og/eller planar godkjent av NVE, inkludert også planlagt installert effekt og slukeevne, vil ikkje ha rett til el-sertifikat. Dersom det er endringar skal dette gå tydeleg fram ved oversending av detaljplanane.

Post 5: Naturforvaltning

Vilkår for naturforvaltning blir teke med i konsesjonen sjølv om det i dag synast lite aktuelt å pålegge ytterligere avbøtande tiltak. Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må vere relatert til skadar forårsaka av tiltaket og stå i rimeleg forhold til storleiken og verknad av tiltaket.

Post 6: Automatisk freda kulturminne

NVE føreset at utbyggjar tar den nødvendige kontakt med fylkeskommunen for å klarere forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle plikta om aktsemd med krav om varsling av aktuelle instansar dersom ein kjem over kulturminne i byggjefasen, jf. kulturminnelova § 8 (jf. Pkt.3 i vilkåra).

Post 8: Tersklar m.v.

Dette vilkåret gjev heimel til å pålegge konsesjonær å etablere tersklar eller gjennomføre andre biotopjusterande tiltak dersom dette skulle vise seg å vere nødvendig.

Andre forhold

Drikkevatt

NVE føreset at kvaliteten på og mengde vatn til det lokale vassforsyningsanlegget vert oppretthalde.

Privatrettslege avtalar


I høyringsrunda kom det fram ein del meiningar kring vassavtalen mellom Norwegian Preserving Co AS og grunneigarane. Dette er privatrettslege forhold som ligg utanfor NVE sitt ansvarsområde.

Vedlegg

Kart over utbygingsområdet.



Skisse av planlagt kraftstasjon.





Norges
vassdrags- og
energidirektorat

Vassdragskonsesjon

I medhold av lov av 24. november 2000, nr. 82 om vassdrag og grunnvann (vannressursloven) § 8, kgl. res. av 15. desember 2000 og fullmakt gitt av Olje- og energidepartementet 19. desember 2000

gis tillatelse til

vannuttak og regulering av Husdalsvatnet til landbasert oppdrett av fisk .

Meddelt: Lerøy Vest AS, avd. Bjørsvik

Dato: 18.05.2015

Varighet: Ubegrenset

Ref: 201005999-20

Kommune: Lindås

Fylke: Hordaland

Vassdrag: Kystfelt - Husdalsvatnet

Vassdragnr.: 064.6

I medhold av lov av 24. november 2000, nr. 82 om vassdrag og grunnvann (vannressursloven) § 8, kgl. res. av 15. desember 2000 og fullmakt gitt av Olje- og energidepartementet 19. desember 2000, gir Norges vassdrags- og energidirektorat under henvisning til søknad av 25.06.2013 og til vedlagt KI-notat nr. 10/2015

Lerøy Vest AS, avd. Bjørsvik

konsesjon til vannuttak og regulering av Husdalsvatnet til landbasert oppdrett av fisk i Bjørsvik på følgende vilkår:

1. Reguleringsgrenser og vannslipping

Magasin	Reguleringsgrenser		Reguleringshøyde m
	Øvre kote	Nedre kote	
Husdalsvatnet	51,0	47,0	4,0

Reguleringsgrensene skal markeres med faste og tydelige vannstandsmerker som det offentlige godkjenner. Høydene refererer seg til SKs høydesystem (NN 1954).

Vannuttaket skal avgrensnes til maksimalt 1 m³/s og skal ikke overstige 0,67 m³/s i gjennomsnittlig uttak over året. Det skal installeres vannmåler og vannuttaket skal loggføres kontinuerlig.

Konsesjonen gjelder regulering og vannuttak i samsvar med den framlagde planen til produksjon av settefisk og kan ikke gjøres gjeldende for andre former for utnyttelse. Vannforbruket skal måles og registreres og dokumenteres overfor NVE på forlangende.

2. Bortfall av konsesjon

Konsesjonen bortfaller hvis ikke arbeidet er satt i gang senest tre år etter at den ble gitt, jf. vannressursloven § 27. Det samme gjelder hvis arbeidet deretter blir innstilt i mer enn to år. Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) kan forlenge fristen én gang med inntil tre nye år.

3. Konsesjonærs ansvar ved anlegg/drift m.v.

Konsesjonæren plikter å påse at han selv, hans kontraktører og andre som har med anleggsarbeidet og driften å gjøre, unngår ødeleggelse av naturforekomster, landskapsområder, fornminner m.v., når dette er ønskelig av vitenskapelige eller historiske grunner eller på grunn av områdenes naturskjønnhet eller egenart. Dersom slike ødeleggelser ikke kan unngås, skal rette myndigheter underrettes i god tid på forhånd.

4. Godkjenning av planer, landskapsmessige forhold, tilsyn m.v.

Godkjenning av planer og tilsyn med utførelse og senere vedlikehold og drift av anlegg og tiltak som omfattes av denne post er tillagt NVE. Utgiftene forbundet med dette dekkes av konsesjonæren.

Konsesjonæren plikter å legge fram for NVE detaljerte planer med nødvendige opplysninger, beregninger og kostnadsoverslag for reguleringsanleggene. Arbeidet kan ikke settes i gang før planene er godkjent. Anleggene skal utføres solid, minst mulig skjemmende og skal til enhver tid holdes i full driftsmessig stand.

Konsesjonæren plikter å planlegge, utføre og vedlikeholde hoved- og hjelpeanlegg slik at det økologiske og landskapsarkitektoniske resultat blir best mulig.

Kommunen skal ha anledning til å uttale seg om planene for anleggsveger, massetak og plassering av overskuddsmasser.

Konsesjonæren plikter å skaffe seg varig råderett over tipper og andre områder som trenges for å gjennomføre pålegg som blir gitt i forbindelse med denne post.

Konsesjonæren plikter å foreta en forsvarlig opprydding av anleggsområdene. Oppryddingen må være ferdig senest 2 år etter at vedkommende anlegg eller del av anlegg er satt i drift.

Hjelpeanlegg kan pålegges planlagt slik at de senere blir til varig nytte for allmennheten dersom det kan skje uten uforholdsmessig utgift eller ulempe for anlegget.

Ansvar for hjelpeanlegg kan ikke overdras til andre uten NVEs samtykke.

NVE kan gi pålegg om nærmere gjennomføring av plikter i henhold til denne posten.

5. Naturforvaltning

I

Konsesjonæren plikter etter nærmere bestemmelse av Miljødirektoratet

- a. å sørge for at forholdene i Husdalsvatnet er slik at de stedege fiskestammene i størst mulig grad opprettholder naturlig reproduksjon og produksjon og at de naturlige livsbetingelsene for fisk og øvrige naturlig forekommende plante- og dyrepopulasjoner forringes minst mulig,
- b. å kompensere for skader på den naturlige rekruttering av fiskestammene ved tiltak,
- c. å sørge for at fiskens vandringsmuligheter i vassdraget opprettholdes og at overføringer utformes slik at tap av fisk reduseres,
- d. å sørge for at fiskemulighetene i størst mulig grad opprettholdes.

II

Konsesjonæren plikter etter nærmere bestemmelse av Miljødirektoratet å sørge for at forholdene for plante- og dyrelivet i området som direkte eller indirekte berøres av utbyggingen forringes minst mulig og om nødvendig utføre kompenserende tiltak.

III

Konsesjonæren plikter etter nærmere bestemmelse av Miljødirektoratet å sørge for at friluftslivets bruks- og opplevelsesverdier i området som berøres direkte eller indirekte av anleggsarbeid og ev. regulering tas vare på i størst mulig grad. Om nødvendig må det utføres kompenserende tiltak og tilretteleggingstiltak.

IV

Konsesjonæren plikter etter nærmere bestemmelse av Miljødirektoratet å bekoste naturvitenskapelige undersøkelser samt friluftslivsundersøkelser i de områdene som berøres av utbyggingen. Dette kan være arkiveringsundersøkelser. Konsesjonæren kan også tilpliktes å delta i fellesfinansiering av større undersøkelser som omfatter områdene som direkte eller indirekte berøres av utbyggingen.

V

Konsesjonæren kan bli pålagt å dekke utgiftene til ekstra oppsyn, herunder jakt- og fiskeoppsyn i anleggstiden.

VI

Alle utgifter forbundet med kontroll og tilsyn med overholdelsen av ovenstående vilkår eller pålegg gitt med hjemmel i disse vilkår, dekkes av konsesjonæren.

6. Automatisk fredete kulturminner

Konsesjonæren plikter i god tid før anleggsstart å undersøke om tiltaket berører automatisk fredede kulturminner etter lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 9. Viser det seg at tiltaket kan være egnet til å skade, ødelegge, flytte, forandre, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme automatisk fredede kulturminner, plikter konsesjonæren å søke om dispensasjon fra den automatiske fredningen etter kulturminneloven § 8 første ledd, jf. §§ 3 og 4.

Viser det seg i anleggs- eller driftsfasen at tiltaket kan være egnet til å skade, ødelegge, flytte, forandre, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme automatisk fredete kulturminner som hittil ikke har vært kjent, skal melding om dette sendes fylkeskommunens kulturminneforvaltning med det samme og arbeidet stanses i den utstrekning tiltaket kan berøre kulturminnet, jf. lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 8 annet ledd, jf. §§ 3 og 4.

7. Ferdsel m.v.

Konsesjonæren plikter å erstatte utgifter til vedlikehold og istandsettelse av offentlige veger, bruer og kaier, hvis disse utgifter blir særlig øket ved anleggsarbeidet. I tvisttilfelle avgjøres spørsmålet om hvorvidt vilkårene for refusjonsplikten er til stede, samt erstatningens størrelse ved skjønn på konsesjonærens bekostning.

Konsesjonæren plikter i nødvendig utstrekning å legge om turiststier og klopper som er i jevnlig bruk og som vil bli neddemmet eller på annen måte ødelagt/utilgjengelige. Veger, bruer og kaier som konsesjonæren bygger, skal kunne benyttes av allmennheten, med mindre NVE treffer annen bestemmelse.

8. Terskler m.v.

I de deler av vassdragene hvor inngrepene medfører vesentlige endringer i vannføring eller vannstand, kan NVE pålegge konsesjonæren å bygge terskler, foreta biotopjusterende tiltak, elvekorreksjoner, opprensninger m.v. for å redusere skadevirkninger.

Dersom inngrepene forårsaker erosjonsskader, fare for ras eller oversvømmelse, eller øker sannsynligheten for at slike skader vil inntreffe, kan NVE pålegge konsesjonæren å bekoste sikringsarbeider eller delta med en del av utgiftene forbundet med dette.

Arbeidene skal påbegynnes straks detaljene er fastlagt og må gjennomføres så snart som mulig.

Terskelpålegget vil bygge på en samlet plan som ivaretar både private og allmenne interesser i vassdraget. Utarbeidelse av pålegget samt tilsyn med utførelse og senere vedlikehold er tillagt NVE. Utgiftene forbundet med tilsynet dekkes av konsesjonæren.

9. Hydrologiske observasjoner, kart m.v.

Konsesjonæren skal etter nærmere bestemmelse av NVE utføre de hydrologiske observasjoner som er nødvendige for å ivareta det offentliges interesser og stille det innvunne materiale til disposisjon for det offentlige.

De tillatte reguleringsgrenser markeres ved faste og tydelige vannstandsmerker som det offentlige godkjenner.

Kopier av alle karter som konsesjonæren måtte la oppta i anledning av anleggene, skal sendes Statens kartverk med opplysning om hvordan målingene er utført.

10. Registrering av minstevannføring, krav om skilting og merking

Det skal etableres en måleanordning for registrering av minstevannføring. Den tekniske løsningen for dokumentasjon av slipp av minstevannføringen skal godkjennes av NVE. Data skal fremlegges NVE på forespørsel og oppbevares på en sikker måte i hele anleggets levetid.

Ved alle steder med pålegg om minstevannføring skal det settes opp skilt med opplysninger om vannslippbestemmelser og hvordan riktig slipp kan kontrolleres. Skiltenes utforming og plassering skal være i tråd med NVEs gjeldende veileder.

Ved alle reguleringsmagasin skal det settes opplysningsskilt på steder som er lett synlig for allmennheten. Skiltene skal inneholde opplysninger om fastsatte reguleringsgrenser og om hvordan vannstanden i magasinet kan kontrolleres. Skiltenes utforming og plassering skal være i tråd med NVEs gjeldende veileder.

De partier av isen på vann og inntaksmagasiner som mister bæreevnen på grunn av regulerings- og overføringene må markeres på kart på opplysningsskilt og merkes eller sikres.

For alle vassdragsanlegg skal det etableres og opprettholdes hensiktsmessige sikringstiltak av hensyn til allmennhetens normale bruk og ferdsel på og ved anleggene.

11. Etterundersøkelser

Konsesjonæren kan pålegges å utføre og bekoste etterundersøkelser av regulerings- og virkninger for berørte interesser. Undersøkelserapportene med tilhørende materiale skal stilles til rådighet for det offentlige. NVE kan treffe nærmere bestemmelser om hvilke undersøkelser som skal foretas og hvem som skal utføre dem

12. Luftovermetning

Konsesjonæren plikter i samråd med NVE å utforme anlegget slik at mulighetene for luftovermetning i magasiner, åpne vannveier og i avløp til elv, vann eller sjø blir minst mulig. Skulle det likevel vise seg ved anleggets senere drift at luftovermetning forekommer i skadelig omfang, kan konsesjonæren etter nærmere bestemmelse av NVE bli pålagt å bekoste tiltak for å forhindre eller redusere problemene, herunder forsøk med hel eller delvis avstengning av anlegget for å lokalisere årsaken.

13. Varslingsplikt

Konsesjonæren plikter å varsle NVE om navne- og/eller adresseendringer. Ved eventuell overdragelse av anlegget skal NVE godkjenne overdragelsen i forkant

14. Kontroll med overholdelsen av vilkårene

Konsesjonæren underkaster seg de bestemmelser som til enhver tid måtte bli truffet av Olje- og energidepartementet til kontroll med overholdelsen av de oppstilte vilkår. Utgiftene med kontrollen erstattes det offentlige av konsesjonæren etter nærmere regler som fastsettes av Olje- og energidepartementet.

For å sikre at vedtak i medhold av vannressursloven blir gjennomført, kan den ansvarlige pålegges tvangsmulkt til staten, jf. vannressursloven § 60. Pålegg om mulkt er tvangsgrunnlag for utlegg. Når et



rettstridig forhold er konstatert kan det gis pålegg om retting og om nødvendig pålegges stans i pågående virksomhet, jf. vannressursloven § 59.

Overskrides konsesjon eller konsesjonsvilkårene eller pålegg fastsatt med hjemmel i vannressursloven kan det ilegges overtredelsesgebyr, eller straff med bøter eller fengsel inntil tre måneder, jf. vannressursloven §§ 60 a og 63 første ledd bokstav c.

Rune Flatby
avdelingsdirektør

Gry Berg
seksjonssjef

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.